



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Møteprotokoll for Soknemøte/Årsmøte for Kyrkjebø og Vadheim sokn.

Møtedato: 06.03.22

Møtetid: etter gudsteneste kl 17.00.

Møtestad: Vadheim bedehuskapell

Frammøte: 12 stk.

Møtet vart innleia av soknerådsleiar Sturla Bell Fossen. Han vart og valgt som møteleiar. Irene Aase Aarseth vart valgt som skrivar .

Anna Sofie Skaar og Audun Digranes vart valgte til å underskrive møteprotokollen.

Årsmelding 2022, Rekneskap 2021, Budskjett 2022 og årshjul/arbeidsprogram 2022 vart utdelt og gjennomgått.

Det kom spørsmål om kva som meinast med innrapportering om større arbeid på gravplassen i Vadheim til Høy. fellesrådet (HKF). Her svarte soknerådsleiar at HKF har vore på synfaring og der trengs ein del utbetring på tilkomst, murar og vasstilføring. Dette er kome inn i HKF sin plan for ting som må gjennomførast.

Det kom og innspel om at HKF bør ha ein fast økonomisk pott som bør vere avmerkt til sokneråda sitt arbeid, så dei har ein fast pott å jobbe ut frå kvart år, i tillegg til offerpengar som vert tatt opp til eige arbeid. (I år ca 7000,- for Kyrkjebø og Vadheim sokn). Dette er noko som HKF ikkje har, men her vart det informert om at dei tar uforusette utgifter etterkvart, som td. ifm. Covid; anti bak og munnbind til alle kyrkjer.

Under årshjul gjennomgåinga kom det ynskje om aktivitetar som vi gjerne kan ha framover og spørsmål:

Skulegudsstenester : er det lov å ha det no?

Ja. Unge no går glipp av noko når dei ikkje får skulegudssteneste.

Folkemusikk gudssteneste; Her har tidlegare organist i Gaular eit opplegg som kan gjennomførast i fleire kyrkjer med lokale krefter.

Jazzgudssteneste var svært positivt

Orgelkonsertar,

Kyrkjekunst kveldar

Salmekveldar, tidlegare var det salmekveld i Vadheim og dette vart svært positivt og ynskjer fleire slike

Opa kyrkje både med og utan musikk ,

Det vart og stilt spørsmål kva Gladgudssteneste er.


Her svarte presten at det var ein måte å kunne prøve å nå fleire personar der dei er og kva som folk treng.

Det vart og informert litt om Spørre undersøkelsen, der soknerådet ynskjer å få litt info om kva folk i bygda vil ha kyrkja til. Vil vi ha kyrkja ? Kva betyr kyrkja? Kvifor vil vi gå i kyrkja? Det er viktig at det vert skapt gode miljø så folk vil komme att. Og at vi ikkje skapar skille mellom folk, men respekterer alle for kva/kor ofte dei vil gå i kyrkja.

Under anna vart det stilt spørsmål om kvifor det vart lite skrive om tekstilar som dukar. Jamfør jubileumsheftet til Kyrkjebø kyrkje. Alterduken i Vadheim har lagt der i minst 50 år, kven har laga den ? Kan det vere Synnøve Brekke som har sydd den ?

Irene Aase Aarseth

Ref for årsmøtet



Anna Sofia Skaar



Audun Digranes